

Emne nr. 52

## TRESKING I

### I

1. Er det kjent at ein har treskt ved å la folk, krøter eller hestar trø i kornbanda? Kor treskte dei (ute eller inne) og korleis la dei banda?
2. Har dei brukt å treskja ved å dra eller køyra ein sylindrisk eller konisk rull eller eit slag vogn over kornbanda? Hadde dei i tilfelle ein serleg låve til dette, eller vart det gjort andre stader, og korleis vart banda lagt?
3. Er det kjent at det har gnika kornet av med hendene, t. d. i naudår for å få korn til skurdgraut av årsavlinga?
4. Er det tradisjon om at dei har svidd av agnene?
5. Er det kjent at dei treskte ved å ta banda og slå aksa mot eit eller anna?
6. Kva kalla dei denne måten å treskja på (skrøfta, skrefta., kjerringpina, strøkka, aveksa)?
7. Kva var det dei slo aksa mot (låvegolv, låveveggen, øvste kanten eller "buken" av ein holk eller ei tønne, over ein stabbe eller krakk (buk), ei grind laga serskilt til dette bruk, kva heitte den og korleis såg den ut?), over kanten av eit bord eller ein planke (med hakk i?) som dei sette opp tvers over låven?
- 8-9. Er det kjent at nokon treskte slik til vanleg, eller var det noko som berre var gjort av og til?
10. Måtte dei treskja slik med det same eller like etter dei tok loa inn, og kvifor?
11. Var det serlege grunnar for at dei treskte slik, og vart det gjort med alle slag korn?

Etter det vi veit, var det sume som treskte slik fordi dei ikkje hadde treskjelåve eller ikkje kunne nytta låven sin. Andre nytta denne måten eit år dei hadde lite korn. Det er òg kjent at det vart treskt slik i ”grønår” når kornet ikkje hadde fått mognast som det skulle. Det er òg fortalt at dei treskte slik dersom dei var i mjølnaud om hausten og ikkje ville at dette skulle verta kjent. I mange bygder, kan hende serleg på Austlandet, var det ikkje uvanleg at dei treskte rugen på denne måten; dei skulle nytta halmen i sengene eller til noko anna og ville helst ha den så heil og fin som mogeleg.

12. Treskte dei bendelen samstundes med bandet eller serskilt, og gjorde dei det i tilfelle på ein serleg måte?

13. Rekna dei seg ferdig med treskinga når dei hadde skrøfta, eller treskte dei ”vel” på annan måte og i tilfelle korleis?

## II

14. Er det kjent at dei har halde bandet i handa eller lagt det mot eit underlag (t. d. låvebrikjet) slik at akseendane var fri, og så slege kornet ut med ein kjepp eller ein liknande reiskap?

15. Hadde dei noko sers namn på denne treskjemåten?

16. Korleis såg denne reiskapen ut, og hadde dei noko sers namn på den?

17. Er det kjent at nokon treskte slik til vanleg, eller var det noko som berre var gjort av og til, og kva var i tilfelle grunnen til at dei treskte slik?

18. Er det kjent at dei slo kornet av og oppi ein sekk e. l. medan banda ennå stod på staur eller hang på hesje?

19. Er det kjent at dei treskte ved å ta band for band, leggja dei på ein stabbe og banka kornet ut med ei klubbe?

20. Hadde dei noko serleg namn på denne treskjemåten?

21. Korleis såg ho ut, den klubba dei nytta, og kva kalla dei den (banketre)?

22. Er det kjent at nokon treskte slik til vanleg og kven var det i tilfelle, eller var det noko som berre vart gjort av og til?

23. Var det serlege grunnar for at dei treskte på denne måten?

24. Er det kjent at dei har lagt kornbanda ut over treskjelåven eller ein annan stad og treskt med ein reiskap i eitt stykke?
25. Kva kalla dei denne treskjemåten?
26. Korleis såg den ut, den reiskapen dei nytta, og kva heitte den?
27. Skilde denne treskjemåten seg ut frå den som var vanleg ved tresking med tust (om tust, sjå sp. 28)?

### III

28. Den vanlegaste treskjereiskapen i Noreg i eldre tid var to stokkar eller kjeppar som var bundne saman. Kva kalla dei den i Dykkar bygd (stav, påk, tust, (-e, -r), pril(e), pleiel, fløyel, flygil, slir(e), sliul, slæle, sloge, sluggu, slu og variantar av alle desse)?

Nedanfor nyttar vi ordet tust.

29. Kva heitte den stokken som dei heldt i (handvol, langvol, skaft, stang) og korleis såg han ut (lengd, tjukn og skap)? Kva slag tre var han til vanleg laga av?

Nedanfor nyttar vi ordet handvol.

30. Kva kalla dei den stokken som dei slo med (slagvol, tustevol, stuttvol, dettvol, lom, klubbe, klampe) og korleis såg han ut? Kva slag tre var han laga av til vanleg?

Nedanfor nyttar vi ordet slagvol.

31. Kva var desse stokkane bundne saman med (bast, bastetaug, vidje, reip eller reim av ymist slag, føtlingar, åleskinn, ukxesene, uksepeis eller –migje, verapeis eller –migje, kumule (grjon), grisetryne, kalvehals e. a.)?

Kva kalla dei dette bandet, (tusteband, sliulhånka, slureimane, kurre, kurlband, beinsel)? –

Nedanfor nyttar vi ordet tusteband.

32. Korleis var dei to stokkane fest til kvarandre?

Det vanlegast tykkjest ha vore at bandet gjekk gjennom eit hol i indre enden av slagvolen og kring ein hals i indre enden av handvolen, men det kunne òg vera hals på begge volane, ja måtte vera det dersom dei nytta kumule eller grisetryne til tusteband. Det kunne visstnok òg vera hol i begge volane.

33. Kvar var det dei vanlegvis heldt til når dei treskte med tust? Dei fleste stadene gjekk vel treskinga for seg på ein serskild

låve. Vi vil då gjerne få vita kva den heitte (treskelåve, hjelv) og kor den låg, Var det vanleg at dei hadde to eller fleire treskelåvar, ein for kvart kornslag?

34. Låg loa i ”stål” eller ”rom” under same tak som låven, eller låg den i eit serskilt ”kornhus” like ved?

35. Korleis var golvet i treskelåven (tett og lagt av tjukk plank)?

36. Er det kjent at dei hadde lagt golvet i treskelåven slik at dei kunne driva plankane saman, anten fordi dei låg lause eller fordi dei hadde krope i hop noko? Korleis var dette i tilfelle gjort?

37. Er det kjent at dei la eit dekke under treskelåven for å samla opp det kornet som fall i gjennom. Kva heitte i tilfelle dette teppet og kva var det laga av?

38. Kor treskte dei dersom dei ikkje hadde treskelåve eller av ein annan grunn ikkje kunne nytta den (på isen, på eit flatt berg, på ein leirbakke eller ein annan stad)? Hadde dei noko sers namn på ein slik treskjestad? Er ord som ”låveberg”, ”treskjeberg”, kjent i Dykkar bygd, og kva tyder det?

39. La dei i tilfelle banda rett på isen (fjellet, bakken) eller hadde dei noko under? La dei ein kant av stein eller stokkar kring banda?

40. Er det kjent at ein eller fleire bønder hadde treskelåve eller –plass saman? Korleis hadde dei då ordna bruken av låven?

41. Kunne husmannen få nytta treskelåven til husbonden sin? Måtte han då i tilfelle venta til husbonden var ferdig med treskinga?

42. Korleis la dei banda utover treskelåven? Det tykkjest ha vore vanleg å leggja banda anten i 2 rader (4 om det var plass nok) eller i ein ring (oval). La dei banda slik at aksa vende innover eller utover? Dersom banda vende innover, la dei då banda slik at det var eit ope rom mellom dei aksa som vende mot kvarandre? Dersom dei la bana i ring, hadde dei då eit midt-lag inne i ringen?

43. La dei banda flatt ned, eller vart dei bøygde slik at aksa sto rett opp eller låg inn over bandet mot rotenden? La dei sjølve

banda på ein serskild måte (med ”tverrbendelen” ned, med bøygjen til høgre o. l.)?

44. Kva kalla dei ei dobbelrekkje (4 rekkjer) med band (eit la)?

45. Løyste dei opp banda bør eller medan dei la dei utover treskjelåven?

46. Kva kalla dei eit slikt lag med band (ei berje, ei flo(n), eit framlag, unnlag, ein ring)?  
Nedanfor nyttar vi ordet berje.

47. Kor mange la (sjå sp. 44) var det i berja?

48. Korleis slo dei? Lyfte die tusten over hovudet om lag som når ein slær med ei slegge, eller heldt dei handvolen til tvers framfor seg? Heldt dei over eller under handvolen? Burde ein kunna treskja både retthendt og keivhendt?

49. Var måten dei slo og heldt på ulik for dei ymse kornslag og for dei ymse arbeid som dei nytta tusten til under treskinga?

50. Det vanlege tykkjest ha vore at dei anten treskte åleine eller to saman. Var dette så i Dykkar bygd òg? Kunne tre mann treskja saman? Eller fire?

51. Hadde dei noko namn på det ettersom dei var ein, to, tre eller fleire saman og treskte (partresking, tohalling, trehalling)?

52. Kjenner De ordlaget ”å halda treskjarlag”, og kva tyder det? Var det vanleg tru at to som treskte i lag, skulle koma til å gjera så året etter òg, om dei uviljes kom til å slå tustane mot kvarandre under treskinga?

53. Den som treskte åleine, gjekk han framlengs eller baklengs?

54. Dersom dei var to, gjekk då den eine framlengs og den andre baklengs? Skifte dei i tilfelle om å gå framlengs og baklengs?

55. Korleis gjekk dei dersom dei var tre eller fleire saman?

56. Gjekk dei med eller mot sola?

57. Skulle dei slå slik at det vart ein liten opning mellom det bandet dei treskte på og det utreskte bandet som låg nærast?

58. Gjekk dei over banda meir enn ein gong i første ”taket”?

59. Kan det segjast noko om kor mange slag det då hadde falle på kvart band?

60. Hadde dei noko namn på dette å fara over banda første gongen (å avekse, aveksing, å tine, å tine av)?

61. Kva vart gjort når dei hadde fare over berja ein gong? Det vanlegaste tykkjest ha vore at dei då snudde banda (og retta dei ut; jfr. sp. 43). Høver dette for Dykkar bygd?

62. Snudde dei bana med handa eller med tusten? Dersom dei snudde med tusten, korleis gjorde dei då det?

63. Dersom dei snutte banda med handa, lyfte dei då samstundes opp banda og sopa det lause kornet fram på den opne plassen midt på (langsetter) låven (sjå sp. 42)?

64. Dersom dei ikkje hadde løyst opp banda når dei la dei utover treskjelåven, gjorde dei då dette samstundes med at dei snudde banda, eller gjorde dei det etter at dei hadde snudd banda og fare over berja ein gong til med tusten?

65. Løyste dei opp bendelen med handa eller med tusten? Dersom dei løyste med tusten, korleis gjorde dei då det?

66. Kva kalla dei det (å viske)?

67. Dersom dei ikkje løyste bendelen samstundes som dei snudde banda, treskte dei då bendelen for seg, eller ved å fara over berja ein gong til, eller ved å slå den mot handvolen?

68. Var det vanleg at dei etter at dei hadde fare over berja med tusten, skulle ta opp banda og slå eller kjemma laus det kornet som enno sat att?

69. Kva kalla dei dette (å avekse)?

70. Kva kalla dei reiskapen dei gjorde det med (skeia, skeikniv, kornskei, strokskei, skjedde, skorekjepp) og korleis såg den ut?

Sp. 61-70 er i samsvar med det som tykkjest ha vore den vanlege framgangsmåten. Dersom dei gjorde det annleis i Dykkar bygd, må De vera gild å skildra arbeidsdagen for oss så nøgje og detaljert som mogeleg.

71. Var det vanleg at dei óg skulle treskja halmen, og kva kalla dei i tilfelle dette (å møykja halmen)? Var det nokon serleg grunn for at dei gjorde dette?

72. Var det vanleg at dei skulle treskja dei lausaksa som var sankt i hop på åkeren (brusane, asketøset) for seg?

#### IV

73. Hadde dei noko serleg namn på berja slik ho nå låg?

74. Var det vanleg at dei nå skulle ”slå sund bandet”? Korleis gjorde dei dette og kva kalla dei arbeidet (å reka)?

75. Korleis gjorde dei når dei skilde halmen frå kornet? Gjorde dei dette (delvis) med tusten (og korleis), eller nytta dei ein serleg reiskap til dette? Kva heitte i tilfelle reiskapen (rive, halmriste, halmsende, ristarsul, ristekjepp, skjepakluft, låvekluft; sume nytta ein sigd eller ein stutturv), og korleis såg den ut? Kva kalla dei dette arbeidet (å reka, rista)?

76. Kva gjorde dei med halmen når den var skilt frå? Vart den bunden i band før den vart lagt til side, korleis gjorde dei dette og kva kalla dei banda (ei dolga)? Var det berre visse slag halm det vart gjort slik med?

77. Kva kalla dei det som låg att etter at halmen var skilt frå (ein dråse, drøse, ein vist, ei tinde)?

Nedanfor nyttar vi ordet dråse.

78. Når dei hadde skilt kornet frå halmen, la dei då ei ny berje oppå dråsen, eller la dei (moka) dråsen til side så låven vart fri for ei ny berje?

79. Dersom dei ikkje moka dråsen til side for kvar berje, kor mange berjer treskte dei då før dei gjorde det?

80. Hadde dei nokon serskild reiskap som dei moka dråsen unna med, og kor la dei dråsen så lenge?

81. Var det vanleg å treskja dråsen med tusten, og kvifor gjorde dei det? Slo dei på ein serleg måte då?

82. Kva kalla dei det (å tine)?

83. Hende det eller var det vanleg at dei tinte kornet ved å slå det oppi ein stamp e. l. og så trakka i det eller rota i det med ein kjepp, spade e. a.? Kva kalla dei i tilfelle dette (å støyra kornet)?

84. Tinte dei alle eller berre visse slag korn, og kva slag korn var det i tilfelle (bygg)?

85. Var dei til vanleg 3 mann om å tine med tust, sjølv om dei elles var 1 eller 2 om å treskja?

## V

86. Hadde dei noko namn på det å reinska kornet (oppgjerd, tågjerd)?

87. Reinska dei dråsen for kvar dag, for kvar vike eller etter dei hadde treskt ei viss mengd berjer ( i tilfelle kor mange)?

88. Spørsmåla nedanfor om reinskinga av kornet byggjer på den arbeidsgangen som tykkjest ha vore den vanlege: 1. dei skilde frå halmstubb o. l.; 2. dei reinska kornet for støv og anna slikt; 3. dei skilde agnene og dei ymse kornkvalitetane frå kvarandre; 4. dei skilde frå ugrasfrø o. l. Ofte kunne dei slå 2 og 3 saman til ein arbeidsprosess. Var denne arbeidsgangen den vanlege i Dykkar bygd? I tilfelle ikkje, må De vera gild å skildra arbeidsgangen for oss slik som ovanfor, Detaljane kjem så i svar på spørsmåla nedanfor.

89. Det vanlege var at dei skilde frå halmstubb o. l. med eit såld. Gjorde dei slik i Dykkar bygd?

90. Kva kalla dei dette arbeidet, og kva heitte såldet (å hæra, hæresåld, å retle, å sål(d)a; dråsåsåld; småhalmsåld; skaksåld)?

91. Kor stort var såldet (lengd og breidd eller tverrmål og djupn), korleis såg det ut og korleis var det laga? Det har vore fleire ulike typar som alle har det sams at kornet rann ut gjennom såldet i botnen medan halmstubben vart liggjande att. Vi vil gjerne få vita om såldet var firkanta eller rundt (ovalt). Likeeins vil vi gjerne få vita kva slag materiale sidene var laga av, og dersom såldet var rundt – korleis endane var skøytt i hop. Korleis var botnen i såldet laga: ei treplate som det var bora eller svidd hol i, var botnen fletta av bast, trespon, rottæger e. a., eller var den laga på anna vis? Korleis var botnen fest til sidene?

92. Korleis gjekk dei fram når dei sælda? Framgangsmåten var sjølvsagt i stor mun avhengig av forma på såldet. Sume heldt såldet

i hendene og riste det, andre hengde det opp. Nokre såld sto på bein og vart rista. Under andre, vel helst runde, var det fest ei kluftegrein slik at den eine enden stakk ut på den eine sida medan dei to endane av klufta stakk ut på den andre sida. Desse tente til handtak, medan andre enden vart fest til eit hol i veggen eller lagt på låvebrikjet. Fortel oss om den måten (-ane) som vart nytta i Dykkar bygd.

93. Datt kornet frå såldet beint ned på låven eller i eit kjerald?

94. Var det vanleg å reinska kornet for dumba og skitt som var kome i det? Kva kalla dei dette arbeidet(drøfta, selda)?

95. Korleis var reiskapen dei gjorde dette med? Var den tett i botnen eller var det hol der, t. d. ved at dei hadde slått på ei gjennomhola blekkplate eller fin netting? Kor store var hola? Kva kalla dei reiskapen (drøftetrog)?

96. Kan De gi ei skildring av korleis arbeidet vart gjort?

97. Skulle det helst vera eit lite vinddrag der dei gjorde dette arbeidet og korleis fekk dei dette til?

98. Brukte dei å ”skuma” av agner og halmstubb som vart liggjande oppå kornet? Kva kalla dei det (å fløyte, flømme), og hadde dei noko på handa når dei gjorde det (ein vott)?

99. Kjenner De til at dei drøfta kornet først etter at det var turka?

100. Kunne dei skilja ut lettkornet òg ved drøftinga, eller måtte dei nytta ein annan måte om dei ville skilja dei ymse kornkvalitetane frå kvarandre? Korleis var i tilfelle denne andre måten, og kva kalla dei den?

101. Kasta dei med handa eller med ein reiskap? Kva heitte i tilfelle denne reiskapen dei kasta med og korleis såg den ut? Hadde den ein kuv eller låg kant langsetter bladet, og kva skulle den i tilfelle tena til?

102. Kvar heldt dei til når dei kasta?

103. I tilfelle dei heldt til på låven, kvar satt dei då og kva veg kasta dei? Det var greitt om De kunne teikna ei planskisse av låven og merkja med ein kross kvar dei sat og med pil den leia dei kasta.

104. Korleis sat dei (på golvet, ein låg krakk eller på ein høg ein), og korleis kasta dei (over aksla og bakover, tilside eller rett fram for seg)? Kasta dei i ei bein ”stråle” eller i halvsirkel?

105. Skulle det vera høveleg gjennomtrekk i låven når dei kasta, og korleis sytte dei for å få den slik dei ville ha den?

106. Kasta dei mot låveveggen, eller hengde dei opp eit segl e. l. som dei kasta mot?

107. Kva kalla dei den kornmengda som dei kasta i kvar omgang (ei kaste)? Kor stor var den?

108. Kor mange kvalitetar kunne dei skilje ut på denne måten, og kva kalla ein dei ymse kvalitetane?

109. Kva nytta ein dei ymse kvalitetane til?

110. Var det så at dei anten drøfta eller kasta kornet, eller gjorde dei begge deler? I tilfelle dei gjorde begge deler, kva var då gjort først?

111. Er det nokon tradisjon om når dei først tok til å kasta kornet i Dykkar bygd?

112. Var et vanleg at dei freista skilja ut ugrasfrø frå kornet, og korleis gjorde dei det. Det tykkjest ha vore to måtar: å harpa eller selda.

113. Dersom dei harpa det, kva heitte den reiskapen dei gjorde det med, korleis såg den ut og korleis vart arbeidet gjort?

114. Dersom dei selda, kva heitte då såldet dei nytta (meldesåld, mennelsåld), korleis såg det ut og korleis vart arbeidet gjort?

115. Vart ugrasfrøet skilt frå alt kornet, eller vart det berre gjort med såkornet?

116. Gjorde dei det før kornet var turka eller etter?

117. Kva kalla dei det dei skilde frå (melde), og nytta dei det på nokon måte?

## VI

118. Turka dei kornet med det same dei hadde treskja eller venta dei til seinare? – Vi vonar å få høve til å senda Dykk ei spørjelite om turking seinare.

119. Kvar lagra dei kornet før det var turka, og kva lagra dei det i?

120. Kva mælte dei kornet i, og kor store var desse mæle-einingane i liter?

121. Hadde dei nok mål for kor tungt kornet skulle vera når det var godt?

122. Hadde dei noko mål på kor mykje korn dei burde få av kvar eining band (treve, staur, lass o. l.) ved vanleg og ved god avling?